



Galleri Eikesdal med kunstutstilling

Open Fre 16-20, lørd 11-17 og søn 11-15

Vernissage kl 11.00. laurdag 8.

EAU / FLOW kunst av Ella Anne Utigard



Laurdag 8. august kl 13.00 på Eikesdal grenddahu

Boklansering og boksalg

Krafthistorie for Nesset av Petter Erik Innvik



Sal av andelodd til Norsk folkehjelp Nesset

både fredag og laurdag. Andeløp laurdag kl 16.00



Konsert med ISÁK i Mardalen

Laurdag 8.aug. kl 18.00

Bill på www.hoopla.no



Mardøla-2020

50-års markering av

Mardøla-aksjonen i 1970

7.-8. august 2020

Meir info: <https://www.eresford.no/lag-org/mardola-2020>

NK NESSET KRAFT AS



Møre og Romsdal
fylkeskommune



ERESFJORD OG VISTDAL FJELLSTYRE



Romsdalsbanken

Juli 2020

Kraftfondet for Nesset

Utviklingsfondet
for indre Nesset

Eikesdal sameige

SuCom AS

Mardøla-2020

I vinter er det 40 år sidan Alta-aksjonen. Den største og mest markante aksjon for vern av natur og mot øydelegging av næringsgrunnlaget for samebefolkninga i Norge. Ti år før dette, i 1970 aksjonerte naturvernarar, akademikarar og lokale bygdefolk i fjellet over Mardalsfossen.

Ein ville stanse bygginga av anleggs-vegen som var starten på utbygginga av Grytten-anlegget og tørrlegging av Mardalsfossen. På mange måtar var Mardøla-aksjonen ein forløpar for aksjonane i Alta og kan ha medverka til at bygdene i Masi i Finnmark ikkje vart neddemt.

Mardøla-aksjonen var første gongen ein kjenner til at urbane naturvernarar, bønder og bygdefolk gjekk saman i ein **ikkje-valdeleg sivil ulydnadsaksjon** i kamp for natur og naturressursar. Ja, dette skal vere den første aksjonen i sitt slag i verden. Fleire markante personar var med saman med bygdefolket i 1970, vi gjerne framheve filosofane Sigmund Kvaløy Setreng og Arne Næss.

Ved å løfte fram hendingane for 50 år sidan ynskjer vi ikkje berre å fortelje historia om aksjonen, men også sjå på korleis dette har innverka på samfunnsdebatten i tida etter og fram til dagens miljø- og klimadebatt.



Initiativet til å markere at det i 2020 er 50 år sidan Mardøla-aksjonen i 1970, kjem frå ei gruppe av fire privatpersonar/idealar som bur i Eikesdal og Eresfjord. Alle var unge i 1970 og hendingane den gongen var skjelsjetjande for oss som for mange andre. Arrangementet skal vere i Eikesdal 7.-8. august 2020.

Arbeidsgruppa har som formål å samle og formidle informasjon om Mardøla-aksjonen og klassisk naturvern samt bidra til formidling om vern av natur i eit historisk og framtidsretta perspektiv.

Vi vil med dette ynskje alle hjarteleg velkomne til Eikesdal 7. og 8. august 2020.

—
**Marit, Per Even,
Bjørn Magne og Turid**

Velkommen til

Mardøla-seminaret fredag 7. august på Eikesdal grendahus

På grunn av korona-restriksjonar må vi ha **alle påmeldt med namn** på førehand. Det er lagt ut lenke til elektronisk påmeldingsskjema på www.eresfjord.no eller på facebook.gruppa **Mardøla-2020**.

Program for seminaret:

Oppmøte og innsjekk kl 11.00 på Eikesdal grendahus.

- 12.00 Velkommen ved programleiar : Svein Sæter
Presentasjon av arbeidsgruppa for Mardøla 2020
Songar frå «Mardølaspelet» Karianna Sommerro
- 12.30 Arne Vinje om Sigmund Kvaløy Setreng; Mardøla-aksjonen og økofilosofien.
- 13.00 Odd Einar Dørum tar for seg sivil ulydnad og demokrati
- 13.30 Pause— beinstrekk – kaffepåfyll, Salg av suppe levert av Nikolai Finnset
- 14.15 Tidsvitne: Lars Hallvard Dahle som var med i 1970 og leiar av aksjonen
Mot vindkraft på Haramsøya, Birgit Kjerstad
- 14.30 Per Even Opsal Naturfaglege konsekvensar og erfaringar etter utbygging.
- 15.00 Jostein Henriksen Grøn vekst, er det muleg?
- 15.30 Pause— beinstrekk – kaffepåfyll.
- 16.00 Svein Johan Frisvoll Direktør for forskings-institusjonen RURALIS.
Oppsummering og avslutning
- Ca 17.00 Slutt for dagen (Vertshuset Eikesdal er åpent)



kl 19.00 Bygdakveld med Eikesdal bygdalag på grendahuset

Det blir kulturelle innslag med mellom anna smakebitar frå *Mardølaspelet* som er under planlegging. Opptreden av skulebarn mellomtrinnet Eresfjord skule, Mardøla blues med Magne Lindholm, med meir....

Eikesdal bygdalag sel kaffe og kaker.

Gratis inngang.

Film: (Ut over kvelden/natta) Vil vi vise film i klasserommet på grendahuset bl.a. **Oddvar Einarsons «Kampen om Mardøla» frå 1972**